



## Idrett og kroppsøving



Programmet gir grunnleggjande innføring i arbeid med idrett og kroppsøving. Høgskulen har gode fasilitetar: idrettssalar, ulike treningsbaner, treningsrom og testlaboratorium. Sunnmørsnaturen danner ei naturleg ramme rundt ulike uteaktivitetar. Du kan søkje på årsstudiet på Samordna opptak frå 1. februar 2020. Følg oss på Facebook

### Studieinnhald

Du får erfaring og innsikt i idretts- og kroppsøvingsaktivitetar og eigenutvikling. Studiet er sett saman av teoretiske emne, praktiske aktivitetar, undervisnings- og instruksjonspraksis. Du skal tileigne deg dugleik, erfaring, kunnskap og innsikt i fagområdet med dei tilpassingane som er nødvendige for å møte barn og unge med ulike føresetnader. I tillegg skal du få erfaring og innsikt i dei idrettsaktivitetar som er forpliktande for kroppsøvingsundervisninga i skulen, og dessutan få praktisk røynsle med idrett, dans og friluftsliv.

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Det vert veksla mellom førelesingar, praktisk arbeid, gruppearbeid, eigentrening og ekskursjonar/kurs. Ein må rekne med utgifter til reiser og kurs og diverse turutstyr. Studentane skal anten gjennomføre skulepraksis eller instruksjonspraksis i idrettslag eller frivillige organisasjonar. Les meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

### Aktuelle yrke og vidare studium

Årsstudiet i idrett og kroppsøving er særleg relevant for deg som ønskjer å arbeide i ulike skuleslag eller andre felt der det vert drive fysisk aktivitet, som t.d. i frivillig organisert og uorganisert idrett, i privat og offentleg verksemd. Studiet kan takast som vidareutdanning for lærarar, eller det kan innpassast i Bachelor i idrett og kroppsøving ved Høgskulen i Volda eller inngå som valfri del i andre bachelorgradar

**Studiepoeng / lengd:** 60 / 2 semester (1 år)

**Opptakskrav:** Generell studiekompetanse.

**Søknadsfrist:** 15. april i Stengt for søking

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsorvis 70 07 50 18 [studentsorvis@hivolda.no](mailto:studentsorvis@hivolda.no)